



nve@nve.no

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/639-6	Gøran Johansen	29/06/2026

Høyringsfråsegn – Søknad om konsesjon og ekspropriasjon om Låvi kraftverk i Aurland kommune. saksnummer 202525845

Aurland kommune er ein av Norges viktigaste kraftkommunar, og har gjennom fleire tiår brukt av vår natur for å sikre nasjonal energiforsyning. Ei stabil kraftforsyning er ein grunnleggjande føresetnad for verdiskaping, arbeidsplassar og vidare samfunnsutvikling. Kommunen meiner det er både rett og nødvendig å at me framleis bidreg til dette.

Låvi kraftverk representera ei framtidsretta vidareutvikling av eksisterande anlegg, med betre utnytting av etablerte magasin og infrastruktur. Prosjektet vil bidra med om lag 50 GWh ny fornybar kraft og vesentleg auka effektkapasitet, noko som er avgjerande i eit kraftsystem med aukande etterspurnad og større variasjonar.

For Aurland kommune vil prosjektet òg kunne bidra til langsiktige inntekter og styrkje kommunen sin posisjon som ein viktig kraftkommune. Dette kan kome både innbyggjarar, næringsliv og framtidige generasjonar til gode. Vidare vil prosjektet gi klima- og fornybarheits gevinstar. Meir produksjon av rein vasskraft reduserer behovet for energikjelder med høgare utslepp og støttar nasjonale mål om utsleppskutt og grøn omstilling. Vasskraft er dessutan ei regulerbar energikjelde som bidreg til å balansere kraftsystemet og legg til rette for vidare elektrifisering av transport, industri og andre sektorar.

Det er utfordrande for kommunen å ta stilling til ein konsesjon utan at me kjenner til kva eigedomsskatten vil bli, det er eit for stort utfallsrom mellom høgst og minste anslag. Kommunen legg til grunn at anlegget blir betrakta som nyanlegg.

Aurland kommune er likevel **positiv til at Låvi kraftverk vert realisert**, og ser prosjektet som eit viktig bidrag til styrkt nasjonal og regional forsyningstryggleik, betre utnytting av eksisterande naturressursar, vidare utvikling av Aurland som kraftkommune og verdiskaping og aktivitet i lokalsamfunnet.

Samstundes er det viktig for kommunen å stille strenge krav til gjennomføringa:

Sjølv om kommunen er positiv til utbygginga, er prosjektet stort og komplekst, og det grip inn i område med høge natur- og kulturverdiar. Det er avgjerande at utbygginga skjer på ein måte som tek vare på desse verdiane.

Aurland kommune vil derfor understreke at støtta til prosjektet føreset at det vert stilt tydelege og forpliktande vilkår i konsesjonen.

Prioriterte krav frå kommunen

Natur og miljø må sikrast betre

Permanente massedeponi på Låvi og i Vassbygdi må reduserast og optimaliserast, ein må sikre at steinmassane i størst mogeleg grad vert ein resurs for lokalsamfunna.

Rapporten til Norce for fisk og botndyr i Aurlandselvi konkludere med at konsekvensen for leveforholda vil vere middels til stor negativ ved Scenario SX, og me forutsette at dette Scenario ikkje er aktuelt å ta med vidare i endeleg handsaming. Basert på dei faglege vurderingane som ligg føre når det gjeld vassføring etter at Låvi kraftverk er sett i drift, er scenario 1 i Norce LFI-rapport 589 det einaste akseptable driftsalternativet.

Alle avbøtande tiltak må vere bindande krav (SKAL-tiltak).

Aurland kommune ynskjer eit overvakingsprosjekt som føl følgjene av utbygginga av Låvi kraftverk i fjordsystemet.

Næringsareal

Aurland kommune er i sluttprosessen for rullering av KPA, og i samband med Hafslund sitt prosjekt, og ynskjer å sjå på utvikling av R4-6 (riggområde) for permanent næringsareal. Kommunen ynskjer å sjå på heile område i Låvishagen i samband med utvikling av næringsareal og det er ein føresetnad at Hafslund bidreg med etablering av dette.

Tryggleik og omsyn til kvardagsliv

Trafikksikring for mjuke trafikantar, særleg born, må ha høg prioritet gjennom anleggsfasen. Særleg området på Låvi må mjuke trafikantar og born/unge sikrast.

Villreinomsyn må ivaretakast med klare stoppreglar for anleggsarbeid, her syner ein til allereie brukte prosedyrar som kommunen presisera må inn i konsesjonen.

Aurland kommune føresler at det blir etablert ei arbeidsgruppe, eventuelt ein koordinator som får mandat til å gjera mindre tiltak ved høve, for å redusere dei eventuelle negative konsekvensane som dukkar opp i anleggsfasen. Arbeidsgruppa/koordinator må sikrast økonomisk.

Kommunen ynskjer at det vert sett på moglegheiten for at det nye tunnellopet som er planlagt parallelt med Hagatunnelen kan bidra til betre trafikkavvikling og fjerning av lysregulering.

Støy og rystelsar

Anleggsarbeidet vil føre til støy og rystelsar over lang tid. Kommunen krev difor at utbygginga følgjer nasjonale retningslinjer for støy, og at det blir sett inn tiltak som dempar støyen direkte ved kjelda om målingane er for høge. Støyande arbeid som massetransport og knusing må avgrensast på kveldstid, nattetid og i helg nær bustadar.

Det må setjast opp automatiske målestasjonar for støy og vibrasjonar ved dei mest utsette husa, og resultatane må delast med kommunen. Dersom støygrensene blir brotne, må Hafslund gjere tiltak på dei ramma bustadene før det støyande arbeidet startar.

Landbruk

Både riggområde i søknaden og dei føreslegne reserve-riggområda ligg innanfor kjerneområde landbruk, område som me i kommunen si jordvernstrategi har definert som område som særleg viktige å oppretthalde til matproduksjon. Så langt det lat seg gjere bør ein unngå å leggje riggområde til dyrka mark. All matjord må bli tatt vare på i utbygginga slik at den kan komme til nytte i framtida eller på annan stad.

Deponeringa av ca. 1 millionar m³ over Låvi er eit omfattande inngrep. Området som vert berørt er viktige innmark- og utmarksareal i dag. Om dette arealet vert arrondert på ein god måte kan det med tida verta verdfulle innmark, utmark og slåttemarksareal.

Innkvartering i anleggsperioden

Aurland kommune har ein pressa bustadmarknad og det er derfor viktig at tiltakshavar stiller med nok overnattingskapasitet til at alle entreprenørar IKKJE må inn på den private bustadmarknaden for å finne overnatting til sine arbeidrarar.

Flaumfare

Tiltaket må prosjekterast og gjennomførast med omsyn til flaumfare, skredfare og andre naturfarar. Kommunen føreset at nødvendige risiko- og sårbarheitsanalysar vert gjennomførte.

Avsluttande vurdering

Aurland kommune meiner Låvi kraftverk er eit riktig og viktig prosjekt – både for energisystemet og for vidare utvikling av Aurland som kraftkommune.

Kommunen gir derfor si støtte til utbygginga, **føreset at NVE stiller tydelege krav som sikrar natur, landskap og lokalsamfunn.**

Med dei rette vilkåra på plass vil Låvi kraftverk kunne bli eit prosjekt som kombinerer auka kraftproduksjon, ansvarleg naturforvaltning og lokal verdiskaping. Dette er avgjerande for at prosjektet skal ha legitimitet både lokalt og nasjonalt.

Utslepp til vassdraget

Utslepp til vassdraget er ei kjend problemstilling ved store prosjekt som Låvi kraftverk. Dette gjeld både anleggsfasen og etter at arbeidet er ferdigstilt.

Vassdraget må sikrast mot utslepp av finsediment. Her må nødvendige tiltak kome på plass. Overvatn frå anleggsområde og deponi må reinsast gjennom sedimentasjonsbasseng og mobile reinseanlegg. Det må òg etablerast ein beredskap som kan gripe inn dersom finsediment når vassdraget.

Med helsing

Gøran Johansen

rådgjevar Samfunnsutvikling avd. forvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signatur

Kopi til: